

Den mystiske talkoden

– No må du stå opp, Mattias! Du kjem for seint til skulen!

Det var pappa som ropte.

Mattias var så utruleg trøytt. Han hadde spelt dataspel på iPaden i senga. Han hadde spelt Zombie-spelet.

– Mattias, no må du stå opp! ropte faren. Mattias blei liggjande i senga.

Så sa det «pling» på iPaden. Mattias hadde fått ein e-post.

Mattias opna e-posten. Han skjønnte ingenting. Det var jo berre masse tal?

4 21 / 11 10 5 13 / 6 15 18 / 19 5 9 14 20 / 20 9 12 / 19 11 21 12 5 14

8 5 12 19 9 14 7 / 16 1 16 16 1

Kanskje det var ei koda melding?

Mattias tenkte veldig. Han sette opp bokstavane i alfabetet med nummer. A = 1, B = 2, C = 3 og heilt ut til og med Å.

Til slutt var han ferdig:

4 21 / 11 10 5 13 / 6 15 18 / 19 5 9 14 20 / 20 9 12 / 19 11 21 12 5 14

D U / K J E M / F O R / S E I N T / T I L / S K U L E N

8 5 12 19 9 14 7 / 16 1 16 16 1

H E L S I N G / P A P P A

Oppgaver:

Sjå Elevbok 4A side 90.

Gjer oppgåvene 1, 2 og 3.

